



FØRDE KOMMUNE

Følgjekortet gjeld som tilgjenge til dei aktivitetar, bygningar, transportmiddel m.v. som aksepterer ordninga. Det offentlege fastsette symbolet er sett opp på stader som aksepterer ordninga.

Følgjekortet er så langt gjeldande på følgjande stader i Førde kommune:

- Førde kommunale kino
 - Symjehallen i Førdehuset
 - Førde ungdomslag (arrangement som er i regi av dei)
 - Sunnfjord Skisenter Blomlia
 - Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, arrangement som er i regi av hotellet
 - Thon Hotel Førde
 - Førde Bowlinghall
 - Friskis & Svettis Førde
 - Puls Førde
 - Spenst Førde
 - Førde Terapibasseng
-
- Arrangement i **kommunal regi**: Følgjekortet gjeld ved alle arrangement der Førde kommune sjølv er arrangør. På desse arrangementa vert det reservert eit visst tal plassar (både for brukar og følgjeperson), fram til opningstidspunktet. Plassane blir likevel stilt til rådvelde for ordinært sal etter opningstidspunkt. - Er det større etterspurnad etter plassar for brukarar med følgjekort enn det er avsett plassar, gjeld vanleg køordning der brukar og følgjeperson vert likestilt med andre som ynskjer tilgjenge til arrangementet.
 - Arrangement som **leiger kommunale lokaler**: Ved arrangement der kommunen berre leiger ut lokale til sjølvstendige arrangørar, vert desse arrangørane av kommunen ved utleige oppmoda - men kan ikkje påleggjast - å akseptere ordninga med følgjekort. Dette inneber at brukar/følgjeperson må spørje arrangør ved det einskilde private arrangement, om dei godtek ordninga med følgjekort eller ikkje.
 - **Transport**: Dei som får innvilga følgjekort for funksjonshemma, kan bruke kortet på alle buss- og båtruter i Sogn og Fjordane, dvs. inkludert ekspressruter/langruter. På ruter som går over fylkesgrensa gjeld

følgjekortet kun fram til fylkesgrensa - med unntak av ekspressbåten til Bergen der kortet gjeld heilt til Bergen. Følgjekortet gjeld ikkje på ferje då desse reisene frå før av er gratis etter riksvegferjeregulativet.

På landsbasis har NSB, Idrettsforbundet og Rikskonsertane godkjent følgjekort. Det er elles gjort avtalar med hotellkjeda Nordlandia, samstundes som opplevingsparkane Tusenfryd og Kongeparken har godkjent ordninga.